

UngOsa 28.- 30. Oktober 2016

Storkurs for born og unge under Osafestivalen på Voss

Osafestivalen er ein etablert festival på Voss innan folkemusikk, og blir i 2016 arrangert for 26. gong. Profilen til festivalen er å stimulera interessa for folkemusikk og nærliggande musikkformer, med særleg vekt på tidleg kunstmusikk. Arrangørane av festivalen er Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegrimen.

Osafestivalen har dei siste åra hatt dansekurs for born og unge under festivalen. Satsinga heiter UngOsa. I samarbeid med prosjektet Hardingfela.no, som er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger Folkemuseum, ynskjer desse to aktørane frå og med Osafestivalen 2016 å auke satsinga på kurs for born og unge monaleg, der kursdeltakarane vert ein naturleg del av festivalen både som publikummarar, deltakarar på dans og artistar.

Målgruppa for UngOsa vert utøvarar frå 12 til 18 år på hardingfele, toradar, vokal og dans, der dei blir delt inn i ulike grupper etter nivå. Eit mål for antal deltakarar er kring 50. Tema for kurset vert å spela og syngja til dans og dansa til spel og song. Dei fleste unge utøvarane i dag får lita trening i å spela/syngja til dans og å dansa sjølve, og me ynskjer at UngOsa skal vera ein dørøpnar for dette. Deltakarane vert og inviterte med på dansen under Osafestivalen laurdags kveld.

Hardingfela.no har eit talentprosjekt gjennom Master Class Hardanger for utvalde unge hardingfelespelarar frå heile Hordaland. Dei vert ei gruppe under UngOsa og skal ha ein eigen konsert. Attåt vert det ein stor avslutningskonsert for alle deltakarane på UngOsa sundagen under festivalen.

Målet med kurset og bakgrunnen for den auka satsinga er å etablere UngOsa som ein viktig opplærings- og formidlingsarena for unge utøvarar i regionen. På den måten vil UngOsa fungere som eit viktig supplement til den faste opplæringa og formidlingsverksemda som skjer i kulturskular og i spelemannslag gjennom året. Til dømes finns det ikkje noko organisert opplæring på folkedans i kulturskulane i Hordaland. Den beste måten å ta vare på og utvikle folkemusikktradisjonen i Noreg er gjennom aktiv bruk, og slik sett er det viktig med ekstra tilbod skreddarsydd til dei unge sine behov.

I Hordaland har Hordamønstringa (kappleik for born og unge) gjenoppstått med stor suksess og annakvart år så er Vestlandskappleiken i Hordaland. Men ein har ikkje noko storkurshelg som trekkjer unge frå heile fylket. UngOsa skal verta eit slikt samlingspunkt. Dei største miljøa blant unge utøvarar innan folkemusikk og folkedans i Hordaland i dag er i Bergen, på Osterøy, på Voss og i Hardanger. UngOsa har såleis ei glimrande geografisk plassering i høve desse miljøa spesielt og for heile fylket generelt.

Då dans er ein vesentleg del av hardingfeletradisjonen har Hardingfela.no initiert eit forprosjekt for å utreda behov og moglegheiter for ei satsing på tradisjonsdansen i fylket, kva ei slik satsing skal innehalda og korleis arbeidet skal organiserast. Så langt i forprosjektet kan ein sjå at eit slikt kurs som det her søkast om støtte til, vil kunne bidra til å samla og vidare styrka dei unge sin aktivitet når det gjeld dans, song

og spel. Når det gjeld dansen er det eit poeng at denne også får eit løft i samband med ei satsing på hardingfeletradisjonen. Ei samling for born og unge der tema er å spela og synga til dans, og å dansa til spel og song, vil bidra til å synleggjere samanhengen mellom desse aktivitetane i tradisjonen som heilskap.

Kurstilbod 2016:

- Song- og spelkurs på hardingfele, toradar & vokal
- Kurs i folkeleg dans
- Master Class Hardanger - Talentskulen

Dersom sakshandsamar tykkjer at denne søknaden høver betre under ei anna ordning så er det flott om det flytter den over til rette ordninga.